



Dale Entreprenør og Rør Dykk, dei to firma som har entreprisane på kloakkprosjektet, har no teke fatt på ferie i 3 veker.

Dale var kome godt i gang med kloakkpumpestasjonen på skulen sitt område (biletet) då ferien starta.

- Dei to entreprenørane er rimeleg godt i rute med omsyn til det program for framdrifta som føreligg. Og det til tross for at det måtte gjerast noko meir arbeid enn berekna, mellom anna ute ved Steinsletto, seier Ivar Kåre Døssland i kommunen til uskedalen.no.

Han er også svært tilfreds med resultatet av det som vart gjort på Sanden - med asfaltering og det heile.

(Foto: Ola Matti Mathisen).